

## Om namne Hålogaland.

*Av Halvdan Koht.*

Namne Hålogaland hører til dei gamle landskapsnamna i Noreg, eit av dei som vi kjenner frå den fyrste historiske tida i lande vårt. Det er so gamalt so det er vanskeleg å tolke; endå har dei ikkje funne noka viss tyding på det.

Likevel er det kanskje ikkje av dei aller elste namna, - til landskapsnamn då. Orde „land” er frå gamal tid nytta i gardsnamn, aller mest på Sørlande og Vestlande. Til namn på heile landskap kom det fyrst seinare i bruk. Det fyrste orde dei nytta i sam-namn då bygdene tok til og skipa seg i hop i større samfund, det var visst orde „rike”. Vi ser i minsto at då den austgotiske historieskrivaren Jordanes på 500-tale kunde gje greie på ymse av dei skandinaviske folka, då var det berre to folk som han nemnte etter samskipnaden deiras, - det var ræner og raumar som han kalla ranrikingar og raumrikingar. Elles har han ikkje anna enn reine folkenamn, - sviar og danar, grenar, egder og hordar. So vi torer tru at den gongen fans det endå ikkje noko „land” i Noreg.

Men nokre få hundra år etterpå var det just orde „land” som vart det mest ålgjengde når bygde-rike skulde få namn. Og det ikkje berre her i lande, men allstad som det budde germanske folk. I sør hører vi om Tyskland, Frisland, Holland, - i vest om England, Skotland, Irland, - i aust om Estland og Livland, - unge namn alt i hop, og i minsto sume av dei skriv seg vel i røynda frå nordbuane. For i norderlanda er det flest med slike namn. I Danmark har vi Jylland, - i Sverige eller nærast derikring Gotland,

Halland, Gautland, Vermland, Jarnberaland (Dalarne), Helsingland, - i Noreg Hadland, Grenland, Rogaland, Hordaland, Jamtaland, Hålogaland. Og i den fyrste historiske tida, i vikingtida, lagar normennene slike namn som Hjaltland, Island, Grønland.

Eg trur då det må være ein rimeleg tanke, at det just er i vikingtida det helst har vore i bruk å kalle slike rike for „land”. Men skikken må være frå tidleg i vikingtida; namne Island frå slutten av 800 tale må ha havt mønster frå Noreg. Og vi torer då kanskje segje at namn som Rogaland, Hordaland og Hålogaland er ifrå 700-tale; Hordaland er nemnt so tidleg som straks fyre år 800.

På reint eit anna grunnlag, heilt språkleg, kann ein kome til same endskapen. Frå slutten av 900-tale har vi dikte Håleygjatal av Øyvind Skaldespiller. Fyrste leden i dikt namne, Håleygja-, er eigedomsform i fleirtal av folkenamne håløyger. Men fyrste leden i Hålogaland er visseleg like eins eigedomsform i fleirtal av same namne, berre ei noko eldre form, - ei form som vi rimeleg kann føre tilbake til 700 tale.

På den tid i minsto må då bygdene frå Bindalen og nord til Vesterålen ha vore samla til eit „land”, eit rike, Hålogaland.

Men sjølve framleden i landskapsnamne, orde Håloga-, må visseleg være ein god mun eldre. Det kane hende vi har det alt i den namnlista som står hjå austgoten Jordanes på 500-tale. Dei skandinaviske namna her er fælt misskrivne; men dei fleste trur då at det fyrste namne som Jordanes nemner, adogit, må bli tydd som halogii, håløygene. Jordanes segjer at det er dei som bur lengst nord på den skandinaviske øya; midsumars tid har dei stendig dag i fyrti dagar, og um vinteren mørkt likso lenge. Dette blir då i Salta på lag. Sophus Bugge og Gustav Storm gissa bae to på at „adogit” skulde være namn på folke på Anda, andværingane; men Bugge gjorde i grunnen sjølv av med denne gissinga då han etterviste (i Norske Gaardnavne, Nordlands Amt, s. 411) at Anda i gamal tid måtte ha heitt noko

slikt som Amad, - då vart det mest uråd å få det til grunnlag for ei form som „adogit“. Det er det rimelegaste å bli ståande med at det er hæløygene som er meint.

Kringom år 500 i minsto har då dette namne vore til. Korleis skal ein so tyde namne ?

Dei gamle normennene sette upp ei tyding som var i samsvar med ein vanleg måte i gamle dagar: liksom dei sa at Noreg hadde namn etter ein kong Nor, so meinte dei Hålogaland hadde fått namn etter kong *Hølge*. Det er ein merkeleg ting at denne tydinga tykkjes ha vore gjort so tidleg som kringom år 900; skalden Torbjørn Hornklove kallar hæløygene for „ætta til Hølge“ i eit æredikt for Harald Hårfagre. Sidan tok Snorre Sturlason upp same tydinga i Edda. Men i Landnåma blir opphavskongen kalla for Hæløyg. Og i ei islensk eventyrsoge frå 14de hundraåre, saga om Torstein Vikingsson, blir det fortalt at kongen heitte Loge; men sidan han var større og sterkare enn andre folk, kalla dei han Hå-Loge (d.v.s. den høge Loge), og so fekk lande hans namne Hålogaland.

Slike tolkingar har sjølvsagt ikkje noko vitskapleg verd; dei berre syner oss at alt kringom år 900 var namne Hålogaland ikkje lenger lettskjønande for normennene.

Utlendingane hadde ei anna tolking. Den fyrste gongen Hålogaland i det heile er nemnt på skrift, er i eit bok verk av den engelske kongen Ælfred den store, soleis straks fyre 900, og der blir det på angelsaksisk skrivi Halgoland. Dette må engelsmennene visseleg ha teke i meininga „*det heilage lande*“; for det heitte på angelsaksisk det „halge land“. Og den tyske historieskrivaren Adam i Bremen, som skreiv i 1070-åra, segjer om den store øya „Halagland“, at heidningane kallar ho heilag og lukkeleg for det store under som går for seg der, men som dei ikkje kann forklåra seg, at sola skin fjortan dagar i kjør der om sumaren og er likso lenge burte om vinteren. Det er mogeleg at Adam har denne tolkinga frå den danske kongen Svein Estridson, og han har vel då lært ho i England; „halag“ er den an-

gelsaksiske form for heilag. Men dei kunde kanskje kome på slikt i Tyskland og; for i minsto på gamalt frisisk heitte heilag „hallag“, og vi lyt hugse på at i gamalnorsk tid sa dei ikkje Hålogaland, men Halogaland (med lang a i fyrste stavinga).

No gjekk det so underleg til, at denne gamle utalands tolkinga kom til å bli den fyrste som fekk vitskapleg stempel i nytida. Og det var mykje den nynorske forma av namne som førte inn på tanken. Vi kann sjå på 1300-tale at den andre stavinga i orde tok til å bli uklår i lyden; for hovudtonen låg heile tida på fyrste stavinga. Og frå 1380-åra vart det meir og meir vanleg å skrive Halgoland, Halgaland eller Halgeland. På 1500-tale gjekk so dette yver til Helgeland eller Heljeland, og det var då same forma som vi har i eit fyrsti-tal med gardsnamn her i lande. Gardsnamne Helgeland kann det ikkje være tvil om er det same som „det heilage lande“, og då låg det nær for han da å tyde landskapsnamne på same måten. Ein ser då òg at Petter Dass tok Helgeland for „helligt land“ (Samlede Skrifter 1, s. 218). Og lærde. menner tok upp tolkinga, - fyrst Rudolf Keyser i 1843, so P. A. Munch i 1851. Dei meinte lande hadde fått dette namne for di det var den elste heimen for normennene: dei trudde folke vårt hadde kome flyttande inn her nordafrå, og so hadde fyrste bustaden del ras vorte „heilag“ for dei. Tolkinga fekk då samanheng med innflutningslæra til den gamle norske historiske skulen. Og dei kunde vise til at „heilag“ på gamalnorsk sumtid vart skrive „hålig“, so Hålogaland godt kunde være det „heilage lande“.

Denne tolkinga galdt so lenge som den ser-norske innflutningslæra rådde, det vil segja til om-lag 1870. Men det var vektige innkast å gjøre imot ho. Gardsnamne Helgeland fann ein aldri i gamalnorsk skrive annarleis enn „Halgaland“, - det gjeld om dei gardane med dette namne som ligg i Nordland, likso vel som om gardar på andre kantar av lande. Det var då rart om landskapsnamne skulde havt so reint ei anna form og endå være same orde.

For gardane Helgeland må like eins være ifrå heidensk, fyrrhistorisk tid.

Og hovudsaka er at det blir reint uråd å forklåre folkenamne Håløyger, når ein vil tyde Hålogaland av heilag. Men det er greit at ein kann ikkje skilje folkenamne frå landskapsnamne; dei to namna må høre uløyseleg i hop.

No hadde ein gåmal tysk granskar, Kaspar Zeuss, alt i 1837 i ein liten merknad slengt fram den gissinga at Håloga land i opphavet kunde være „*lande med den høge logen*” (høg heiter på gamalnorsk hå), soleis „*verlys-lande*”. Ingen hadde den gongen gjeve gaum etter denne tolkinga. Men i 1870 kom Sophus Bugge, i fyrste hefte av norsk Historisk Tidsskrift, og tok ho upp att, berre med den skilnaden at han tok „*loga*” for eigedomsform i fleirtal, so det vart „*lande med dei høge logane*”, lande der dei høge logane bragar. Han tykte det kunæ være rimeleg nok at dei norske nybygarane kunde ta verlyse til kjennenamn på Nordland; for dei såg visseleg mykje meir av det der nord enn i dei bygdene dei kom ifrå, - Bugge gjekk då roleg ut ifrå at nor mennene hadde kome flyttande sunnafrå.

Med den gamle innflutningslæra fall tolkinga med „*det heilage lande*” uhjelpeleg. Og i ei år-rekke fram-etter var det no „*verlys-lande*” som var i velten, - ein kann endå sjå sume som fylgjer denne tolkinga. Men Sophus Bugge sjølv gav ho upp alt i 90-åra, - det minnes eg greitt frå fyrelesningane hans.

Det var det at hans eiga tolking fyllte ikkje heller det krava han hadde sett, at det skulde være samanheng mellom folkenamne og landsnamne. For, om det var so som han hadde gått ut ifrå, at landsnamne var det elste, korleis skulde ein so tenke seg at folke hadde fått sitt namn (håløyger)? Han vilde no ikkje feste noka tru til at håløygene var nemnt alt på 500-tale hjå Jordanes. Men han kunde ikkje verje seg imot det reint språklege innkaste. Og då svensken Adolf Noreen i den gamalnorske mållæra si frå 1892 slo fast at håløyg-namne måtte være det opphavlege, det som vi berre hadde i eigedomsform i fleirtal i landsnamne, då bøygde Bugge seg for denne ettervisinga.

Folkenamne h  l  yger m   ha f  tt   y-lyden i andre stavinga p   den m  ten at ein opphavleg au har kome under omlyd (sfr. tilh  ve mellom sau og s  ye, dau og d  y, dauv og d  yve, der alltid au er grunnlyden), og slik omlyd blir det i ser n  r det kjem ein „i” i n  ste stavinga. Ein m   d   tenke seg at folkenamne fr   fyrsten har havt ei b  ygging slik at det skifte med au og   y etter som b  ygjings endinga var, - soleis i eintal nemneform h  l  ygr, eigeform h  laugs, i fleirtal nemneform h  l  ygir, eigeform h  lauga. Men n  r det soleis vart tri stavingar i orde, vilde lett midstavinga bli noko avstytt, og soleis vart h  lauga til h  loga (dette skifte fr   au til o er vel kjent i mange andre tilfelle). Det svarer nokolunde til det som vi har i landsnamne Rogaland; der er roga- eigeform i fleirtal av folkenamne ryger. I seinare tid jamna b  ygginga seg ut so det vart ryg- og h  l  yg- i alle formene, - rygjakonungr, H  leygjatal. D   hende det dei skreiv H  leygjaland og.

Denne samanhengen var det Noreen etterviste, og dette er det all namntolking m   bygge p  . Vi m   g   ut ifr   eit folkenamn med rota „h  laugi”, og sj   kva vi kann f   ut av det.

Etter det eg har set, har det ikkje kome fram p   prent nokon annan freistnad p      tolke dette namne, fyre den som eg kom med i Historisk Tidsskrift 1908 (4de rekke; 6te band). Eg bygde der for det fyrste p   det som Sophus Bugge hadde gjort kl  rt, at namne m  tte v  re sett i hop av to ord, og desse orda m  tte d   v  re h   og laugi. So tenkte eg meg at „laugi” m  tte v  re sj  lve rotnamne, „h  ” berre eit sermerkande tilleg, - i dikte Ynglingatal fr   p   lag   r 900 synes skalden Tjodolv fr   Kvinesdal beint fram ha brukt orde „Loga dis” i meininga „H  loga dis”, - og dette „laugi” sette eg d   i hop med eit tysk folk Ingiane, nemnt kringom   r 100 e. Kr. med bustad nord i Tyskland mellom Elbe og Oder. Eg tenkte det kunde v  re same ti h  ve mellom dei norske laugiane og dei tyske lugiane som mellom gautar og gotar, so det var same namne vi m  tte i nord og i s  r. No er det i r  ynda noko uvisst om det er

nokon språkleg samanheng mellom gautar og gotar, og det treng ikkje være nokon mellom iaugiar og lugiar heller slett ikkje må ein være for snar heller til å tenke seg at det beint fram er same folke som er med både i Noreg og i Tyskland. Men det var no freistande å føre dei i hop, og eg gjorde endå ei gissing om meininga i namne. Eg tenkte vi hadde her same rota som i orde ein loge; det kann på gamalnorsk dessutan heite leygr, so her og var ein gamal au i rota. Og namne skildra då folke som „dei ljose“, - det kunde svare til andre germanske folkenamn med slike meiningar som „dei kvite“ (skirane), „dei høge“ (chaukane) o. fl. So hadde dei attpå fått kjenningsnamne „hå“ høg, so det var „dei høge laugiane“, - nordlendingane er høge folk og, det veit vi godt.

Eg skal åpe vedgå, at då eg sette denne gissinga på prent, hadde eg ikkje store trua på ho. Men eg let ho kome fram for di eg tenkte bo kunde lokke kunnigare folk til å ta upp spursmåle. Og serskilt var det ein mann som alt den gongen hadde nemnt for meg ei anna tolking, - det var fyrstebibliotekar A. Kjær. Han og sette håløyg-namne i hop med lugiane; men han fylgde ei helt anna tyding. Han meinte rota måtte være eit gamalt ord „ljug“ som meiner: „stadfeste med eid“, „binde høgtideleg“, - Magnus Olsen har ettervist at vi har denne rota i nokre gardsnamn på Austlande og Vestlande, på slike stader som det har vore gamal tingstad. Dei tyske lugiane var eit samfund som femnde om mange folk, og lyske granskarar i nytida har sett om namna deiras med „dei som har bunde seg i lag med eid“, - det høvde just godt på eit heilt folkesamband, og Kjær meinte det høvde godt på folket i so vidt eit land som Hålogaland og. Framleden hå tenkte han kunde være drege i hop av eit gamalt ord hadu (strid), - det har vi til framled i eit pår gamle mannsnamn: Halv (av Hadu-ulv) og Håleik (i run-innskrift Haduleik), og vi har det i eit gamalt folkenamn som blir nemnt i angelsaksiske kvæde frå 600-tale, Hadobardane. Håløygene vart då „dei sambundne i strid“, og det må ein segje vilde være eit rimeleg folkenamn,

Noko tvilsmål kann det no være med denne tolkinga òg. Vi har ikkje noko prov for at hadu framved l kann bli til hå (for det er ikkje fullvist at Håleik i røynda er same namne som det gamle Haduleik); det skulde kanskje ha vorte til Hal-, liksom vi har Rollaug av Rodulaug.

Kjær har difor i det siste vore inne på ei heilt ny tolking. Han har spurt seg sjølv om ikkje kanskje folkenamne håløyger kunde være laga av eit eldre stadnamn, og det måtte då havt forma Hålo. Det er noko som målgranska rane har freista seg mykje med i dei seinare åra, å føre sjølv dei stutte folkenamna - slike som danar, hordar o. fl. - tilbake på eldgamle stadnamn eller namn som heng i i hop med landslage (myr, skog og slikt). I den elste tida turvte dei ikkje so lange tilleggs-endingar når dei skulde lage folkenamn av stadnamn. Danskten Gudmund Schütte har nyleg i norsk Historisk Tidsskrift (1917, 5te rekke, 4de band) peikt på at slike stutte folkenamn er serskilt ålgjengde i Noreg, og der har han sett i hop med hå-løyger namne lø, ein mann ifrå Lom (gamalnorsk Loar) i Gudbrandsdalen. Orde Lo fins i ymse gamle bygdenamn og gardsnamn her i lande, serskilt i Trøndelag; av bygdenamn nemner eg, om fram Lom i Gudbrandsdalen, Follo og Oslo i Vika og Aglo i Inntrøndelag. Orde har hjå oss helst meininga eng; men upphavleg må det serskilt ha vore nytta om engfleck inni ein skog; for det er same orde som latin lucus, ein lund, og den germanske rota må være lauha, der det kann skifte med h og g etter tonelage. Språkleg er det ingen ting i vegen for at ein av Hålo fær eit folkenamn hålaugir. Og eit landskapsnamn Hålo er sers godt tenkande; det vilde svare heilt til det tyske Hohenlohe. Det fins dessutan eit tysk stadnamn Haduloh; det er det vesle landskape i Nordtyskland som no bli kalla Hadeln. Men både i dette namne og i alle andre tyske stadnamn med „hadu“ til framled er det alltid stutt a, so dette viser helst til at eit norsk Hålo måtte være sett i hop med orde hå, -høg. Og det er mange stader i Nordland slikt eit namn kunde høve på. Ein måtte gå ut ifrå at Hålo ikkje hadde vore namn på heile Hålogaland, men



berre på ein serskild part av det. Frå denne bygda hadde so håløygene kome og lagt under seg heile Hålogaland. På den måten vilde då sjølve namntydinga føre fram til eit stykke historie.

Ein ser det er ymse tolkingar som er moglege, og ein kann søke tydinga på ulike vegar. Men korleis ein søker, so må ein i alle tilfelle langt tilbake i tida fyrr ein finn eit standpunkt i målvoksteren som svarer til den elste namnforma. Landsnamne Hålogaland er kanskje ikkje so utgamalt; men folkenamne håløyger må være skapt lenge fyrr folke vårt kom inn i historisk ljøs.